

Saksprotokoll i klagenemnda - 10.04.2018

Tor André Ljosland (Krf) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han var varamedlem i Askøy Bruselskap AS. Han hadde ikkje delteke i behandling av saka i selskapet. Ljosland gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Klagenemnda vedtok samrøystes at Tor André Ljosland ikkje var inhabil.

Tor André Ljosland tiltredde saksbehandlinga.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Klage av 22.06.17 frå Advokatfirmaet Harris DA, på vegne av Magne Jostein Strømsnes over Statens vegvesen sitt vedtak av 30.05.17 om oreigning av gnr 4/1 og 4/196 i Askøy kommune vert ikkje teke til følgje.